

## Til NVE

Innspel til ny kraftutbygging.

Sak nummer 202320330

Til NVE

Røldal bygdalag uttalar oss først og fremst om det som omhandlar gamle Røldal kommune, då det er her dei største inngrepa og reguleringane i prosjektet vert synlege og påverkar folk flest.

I samband med søknad om ny kraftutbygging gjennomførte Røldal bygdalag avstemming for eller mot slik planane vart presentert på møte 11.august.

Resultatet av dette vart 36 for og 105 imot ny og utvida kraftutbygging. Det er dette bygdalaget forheld seg til i dette innspelet.

**Altså er fleirtalet mot meir kraftutbygging og dei ulempene det medfører i bygda og områda rundt slik planane vart presentert på møte som NVE og Lyse kraft DA hadde på grendahuset i Røldal 11.06.2024. Dei positive sidene for oss er få og svært vase utan nokon garanti for at det som vart presentert skjer.**

**Inntil eventuellt nye planar vert presenterte er det nei til ny kraftutbygging og pumpekraftverk i Røldal. Grunna dette seier me ikkje så mykje om det før det føreligg eventuellt nye planar.**

### Grunngjeving.

Som NVE sjølv sagt veit er alt av vatn, tjødnar, elvar og bekker bygd ut frå før og me bidreg soleis til ein stor kraftproduksjon og verdiskaping for storsamfunnet og krafteigarane.

Den nye utbygginga vil øydeleggja endå meir av naturen vår i tillegg til at kraftproduksjonen ut på nettet vil gå ned.

Med pumpekraftanlegga som vart presentert på møte 11.juni vil vasstanden i vatna endra seg svært mykje på ein dag, dette vil gjera isane på Røldalsvatnet, Valldalsvatnet og Votna ubrukelege i tillegg til at fiskebestanden vil bli skadelidande.

I planane var det og ei stor steinfylling på hundre mål i og ved Røldalsvatnet. Denne fyllinga vil øydeleggja endå meir av strandlinia i austenden av vatnet slik at ein ikkje kan gå langs stranda. Visuellt vil dette vera svært skjemmande for bygda. Forureining av vatnet og drikkevsskjelda vår er og eit faremoment. Me veit ikkje kva utspregt fjell

inneheld. Desse massane er eit avfallsprodukt med mykje rester av bestanddelane i dynamitt i seg.

Fare for endå meir frostrøyk er og eit svært viktig moment.

## Fisken

### Magasinmanøvrering: Effekt på næringsdyr og fisk

#### Åge Brabrand og Reidar Borgstrøm

Åge Brabrand (f. 1950) er cand. real. i zoologi og emeritus seniorforskar ved Laboratorium for ferskvassøkologi og innlandsfiske, Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo.  
age.brabrand@nhm.uio.no

Reidar Borgstrøm (f. 1942) er cand. real. i zoologi, dr. agric. og professor emeritus i fiskebiologi og naturforvalting ved Fakultet for miljøvitenskap og naturforvalting, Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet (tidl. No-regns landbrukshøgskole, NLH).

reidar.borgstrom@nmbu.no

Lagring av vatn i magasin for produksjon av elektrisk kraft medfører at vasstanden vil variere gjennom året, med periodevis tørrlegging av magasinbotnen som ligg mellom høgaste og lågaste regulerte vasstand. Dette fører til ein generell nedgang i talet på arter og mengde av botndyr. Dette betyr mindre fiskenaering og lågare fiskeproduksjon. I høgareliggjande magasin i Sør-Noreg har to krepsdýrartar, skjoldkreps og linsekreps, likevel greidd seg bra. Men dette krev at vasstanden i juni–juli kjem opp på det nivået der eggene vart lagt hausten før. Då kan overvintrande egg av desse krepsdýrartane klekka. I dei siste tiåra har det vore ein endring av magasinmanøvreringa, ofte med ekstra låge vasstandar om sommaren. I slike tilfelle har det blitt dramatisk reduksjon i klekking av skjoldkreps og linsekreps. Det er fleire døme på sterk avmagring av auren under slike forhold. Innsjøreguleringar har difor i seinare tid ført til ekstra store skadeverknader på fiske og biologisk mangfold.

## Villreinen

Villreinen som lever sør for Haukelivegen er nesten kvar vår i Gauthedlernuten aust for Røldal. Reinen er heilt avhengig av å kryssa isen på Votna for å koma over til nemnde fjellparti. Dette vert no blokkert for dyra.

## Skiløype

Likeeins går det ei mykje brukta skiløypa over isen på Votna. Denne vert heilt blokkert ved at vatnet vert pumpa opp i dette magasinet som då kan auka med fire meter i døgeret.

Styret

Røldal bygdalag

Oddbjørn Lynghammar

Leiar

